

# Ordensreglement for Luster skule

---

## Felles ordens- og åtferdsreglar for Luster skule

1. Alle klassane skal ha eigne klassereglar (Opplæringslova §9A-3)
2. Snøballkasting er berre lov på oppsett blink.
3. Søtsaker som snop og brus skal berre nyttast etter avtale med skulen, elles ikkje.
4. *Bruk meldingsboka dersom elevar skal søkja seg fri inntil 2 skuledagar. Skal eleven vere borte lengre, skal dei føresette søkje rektor om permisjon på eige skjema (Opplæringsloven §2-11). Skjemaet ligg på skulen sine heimesider.*
5. Utstyr elevane tek med seg på skulen, er dei sjølv ansvarleg for.
6. Elevane har i utgangspunktet ikkje lov til å ha mobil på skulen. Dersom eleven ved spesielle høve treng å ha med mobilen, skal den ligge avslege i sekken.
7. Elevane skal ha med bøker og rett utstyr til skulen (t.d. gym.klé, uteklé).
8. Elevane skal ha bokbind på bøkene dei lånar av skulen.
9. Elevane skal vera ute i friminutta om dei ikkje har fått anna beskjed.
10. Gongane er stilleområde. Me går stilt og fint frå rom til rom.

FAU og SMU ved Luster oppvekstsenter oppmodar alle føresette til å følgje Trygg Trafikk si anbefaling om å vente til barnet er 10 år før det syklar utan vaksne til og frå skulen.

*Hugs: Ver mot andre slik du vil at dei skal vere mot deg! ☺*

## Konsekvensar ved uønskt åtferd ved Luster skule

### For mindre alvorlege brot på reglane gjeld følgjande:

Ein elev kan ved mindre alvorlege brot på reglane miste ulike gode, eller saka kan få andre konsekvensar. I utgangspunktet skal konsekvensane hengja saman med regelbrotet, for eksempel få «time-out» frå aktiviteten eller gjere ferdig arbeid i friminuttet.

For meir alvorlege regelbrot gjeld same reglar som for Lustraskulen.

## Gode som elevar kan oppnå ved Luster skule

Dersom elevar gjer arbeidet sitt godt, oppfører seg bra og følgjer reglane på skulen, kan dei oppnå ulike gode som belønning. Goda kan vera både individuelle og gjelda heile grupper. Goda skal bli delt ut på ein rettferdig måte, og krava til elevane skal vera oppnåelege, for eksempel «BRA-kort».

Revidert 20.10.15, godkjent av SU 12.01.16.